



HARDANGER OG VOSS
MUSEUM

FORSKINGSPLAN

2018 – 22

Hardanger og Voss museum

Vedtatt av styret 20.2.2018

INNHALD

INNHALD	3
1 FORSKING VED HARDANGER OG VOSS MUSEUM	4
1.1 KVIFOR FORSKA VED HARDANGER OG VOSS MUSEUM	4
1.2 KVA ER FORSKING VED HARDANGER OG VOSS MUSEUM	4
1.3 FORSKING - KUNNSKAPSUTVIKLING - KUNNSKAPSIVARETAKING.....	5
2. RESSURSAR	6
2.1 FAGLEGE RESSURSAR	6
2.2 STILLINGSRESSURSAR	6
2.3 EKSTERNE MIDLAR	6
3. ORGANISERING AV FORSKING	6
3.1 TYPE PROSJEKT.....	6
3.2 OPPFØLGING OG KVALITETSSIKRING AV FORSKING	7
3.3 SAMARBEID MED EKSTERNE FORSKARAR	7
4. KOMPETANSEOMRÅDE OG AKTUELLE FORSKINGSPROSJEKT	8
4.1 PÅGÅANDE FORSKINGSPROSJEKT	8
4.1.1 <i>Forskning knytt til satsinga vår på handlingsboren kunnskap</i>	8
Hardingfela.no	8
Reipslagarfaget med utgangspunkt i Bergen	8
Skautfelling.....	8
Kroting	8
Nevertekking	8
Kyrkjebåttradisjonar i Hardanger	8
4.1.2 <i>Samtidsorientert forskning</i>	9
4.1.3 <i>Forskning på kunst</i>	9
Utstillingskatalogar.....	9
4.1.4 <i>Forskning på maritim kultur</i>	9
Ferjekulturen på Vestlandet.....	9
4.1.5 <i>Forskning på bygd- og bygningskultur</i>	9
Skriftserie frå Voss folkemuseum.....	9
Voss folkemuseum 100 år	9
Stortingsmennene på Aga.....	10
Landslovsprosjektet 2014 - 2024.....	10
4.2 PLANLAGDE FORSKINGSPROSJEKT.....	10
4.2.1 <i>Forskning knytt til satsinga vår på handlingsboren kunnskap</i>	10
Bruken av småbåtane.....	10
4.2.2 <i>Samtidsorientert forskning</i>	10
Endringar i liv og landskap i Myrkdalen	10
4.2.3 <i>Forskning knytt til det maritime</i>	10
Fartøybygging i Hardanger.....	10
Innreiing og trearbeid i stålbåtar.....	10
Jaktefarten	11
4.2.4 <i>Forskning på bygd- og bygningskultur</i>	11
Utvandrarhistorie.....	11
5. FORMIDLING AV FORSKING	11

1 Forsking ved Hardanger og Voss museum

1.1 *Kvifor forska ved Hardanger og Voss museum*

Forsking har vore og er ein av dei sentrale oppgåvene i musea sitt samfunnsoppdrag. Noko som gjenspeglar seg i nasjonale og internasjonale museumsdefinisjonar.

ICOMs museums definisjon, her henta frå stortingsmelding nr. 49 (2008 – 2009) *Framtidas museum*.

Et museum er en permanent institusjon, ikke basert på profitt som skal tjene samfunnet og dets utvikling og være åpent for publikum; som samler inn bevarer/konserverer, forsker i, formidler og stiller ut materiell og imateriell (kultur) arv om menneskene og deres omgivelser i studie-, utdannings- og underholdningsøyemed.

I stortingsmeldinga står det vidare. *Forskning og kunnskapsutvikling ved museene er et nødvendig faglig grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling (stortingsmelding nr 49, Framtidas museum)*. Her vert det påpeikt at forskingsarbeidet er ein grunnleggjande føresetnad for i det lange løp å kunne driva godt museumsarbeid og slik utføra vårt samfunnsoppdrag.

Hardanger og Voss museum har i sin strategiske plan som ambisjon å prioritera opp forskingsinnsatsen sin dei komande åra.

1.2 *Kva er forskning ved Hardanger og Voss Museum*

OECDs definisjon av forskning og utvikling (FoU) sier at FoU er kreativ virksomhet som utføres systematisk for å oppnå økt kunnskap - herunder kunnskap om mennesket, kultur og samfunn - og omfatter også bruken av denne kunnskapen til å finne nye anvendelser (henta frå nettsida til Statistisk sentralbyrå).

Innimellom blussar det opp ein diskusjon om forskning ved musea er noko anna enn forskning ved universitet og høgskular, og om det bør vere slik. Svaret er vel både ja og nei. Forskingsdefinisjon ovafor er gyldig for forskning enten den føregår med utgangspunkt i eit museum eller med utgangspunkt i eit universitet. Det som me kallar forskning, må vera ny kunnskap som er bringa fram gjennom metodisk og etterretteleg arbeid som let seg etterprøva. Dette siste er eit grunnleggjande metodisk og forskningsetisk prinsipp. På det viset stiller museet sin forskingsproduksjon på lik linje med anna forskning.

Samstundes er det openbert at ein institusjon som Hardanger og Voss museum som har kunnskapen knytt til samlingane sine (gjenstandar, fotografi, tekstmateriale og lydband) og til handlingsboren kunnskap knytt til kunnskapsfelt som tekstilkultur, bygningskultur, frukt dyrking og vår maritime kulturarv, samt kunstnarleg refleksjon og utprøving, bør bringa fram forskning som har sitt utgangspunkt i denne kunnskapen.

Museet har dessutan alltid vore ein formidlingsinstitusjon, og har i dag har ambisjonar om å formidla kunnskap både om fortid og samtid til ålmenta. Det pregar og bør prega forskingsinnsatsen. Me driv difor i stor grad forskning som har utgangspunkt i vår region og

som er interessant for den kulturinteresserte ålmenta. Mange museum har eit slikt perspektiv og ei eller annan regional tilknytning. Dette vil kanskje skilja mykje av museumsforskinga frå forkinga ved universitet og høgskular, og er truleg med på å sikra ei større breidde i forskingsinnsatsen i Noreg.

1.3 Forsking - kunnskapsutvikling - kunnskapsivaretaking

Hardanger og Voss museum er ei kunnskapsbasert verksemd. Både akademisk- og handverkskunnskap er grunnleggjande for arbeidet vårt. Dette inneber sjølv sagt ikkje at alt me produserer av kunnskap i tekst eller i praksis er forskning. OECD skriv om forskning at: *Et hovedkriterium for å skille FoU fra annen beslektet virksomhet er at FoU må inneholde et element av nyskaping og reduksjon av vitenskaplig og/eller teknologisk usikkerhet. Et normalt konstruksjons- eller planleggingsarbeid som følger helt etablerte rutiner regnes ikke til FoU, heller ikke innføring av kjent etablert teknologi i bedriften (frå heimesida til Statistisk sentralbyrå).*

Alle utstillingane, rapportane, artiklane og resultata av den handlingsborne kunnskapen vår, til dømes båtar, reip og konsertar, er kunnskapsbasert og representerer ofte kunnskapsutvikling. Men ut frå definisjon som er nemnt, kan det ikkje alltid karakteriserast som forskning. Til dømes vil ein dokumentasjonsrapport frå ei restaurering, der ein følgjer ein etablert dokumentasjonsmal ikkje verta rekna som forskning. Men dersom ein set fartøyet, bygget eller gjenstanden i perspektiv i høve til plass i samfunnet (før eller no) eller drøftar og problematiserer dokumentasjonsmetodikken vil ein straks nærma seg det som reknast for forskning. Overgangane her er glidande, og er strengt tatt ikkje så veldig interessante så lenge me som kunnskapsprodusent sjølv er klar over dette og ikkje påstår at all kunnskapsproduksjon me står for er forskning. Samstundes er det viktig at me innimellom utfordrar oss sjølve og tek oss tid til å driva slik forskingsaktivitet også.

Hardanger og Voss museum har satsa mykje på å samla inn, dokumentera og bringa vidare handlingsboren kunnskap. Dette er viktig bevarings og kunnskapsutviklande arbeid, men også innafor dette feltet er det slik at ikkje alt me gjer av viktig arbeid, er forskning. Til dømes er ikkje materialinnsamling, eller det å gå i lag med ein tradisjonsberar for å læra seg teknikkar, i seg sjølv forskning, men det kan vera del av ein forskingsprosess som gjennom perspektivering og systematisering gjev oss ny kunnskap om handverket og det tradisjonelle samfunnet.. Av di handlingsboren kunnskap er eit hovudsatsingsområde ved museet, er det viktig at me har forskingsambisjonar innafor dette feltet. Me bør arbeida med metodiske problemstillingar knytt til feltet, og produsera forskingsresultat som har sin basis i den handlingsborne kunnskapen me tek vare på.

Overgangen mellom forskning og anna kunnskapsproduksjon er altså glidande, og så lenge me produserer viktig kunnskap innafor våre fagfelt er det ikkje alltid så vesentleg kva den vert karakterisert som. Ein skal også vakta seg vel for å verdilade kunnskapen slik at ein ser forskning som meir vesentleg og verdfull enn annan kunnskap. Kva verdi han har kjem utelukkande an på kva du skal nytta kunnskapen til. Av og til ynskjer me å få fram ny kunnskap, i andre høve ynskjer me å bruka gamal kunnskap eller ta vare på og vidareformidla kunnskap som allereie er kjent.

2. Ressursar

2.1 Faglege ressursar

Museet har tilsett ein person som har doktorgrad og 9 personar med hovudfag/master innan kulturhistoriske- og kunstfag. Fleire av dei med hovudfag har betydeleg produksjon etter avslutta hovudfag. Museet har dessutan fleire andre tilsette med spisskompetanse innan sine kulturhistoriske fagområde. Museet er med andre ord rikt på kulturfagleg kompetanse både av formal og real art. Meir spesifikt har me fagkompetanse knytt til samtidskunst, fartøyvern- og maritim kultur, tekstilkultur, bygningsvern, kulturminnevern, folkekunst, reiselivshistorie og samtidskultur.

2.2 Stillingsressursar

Hardanger og Voss museum består av relativt autonome avdelingar (dei tidlegare sjølvstendige museumsinstitusjonane). På nokre av avdelingane har avdelingsleiar forskning som ei uttalt målsetting ved stillinga. Ved HFS har nokre fleire stillingar denne målsettinga.

Sjølv om organiseringa av avdelingane har ført til at det har vorte forska relativt lite dei siste åra, finst det mykje forskingskompetanse og vilje, og ein må leita etter gode løysingar på dei utfordringane organiseringa vår gjev dette feltet.

2.3 Eksterne midlar

For HVM med sine avgrensa stillingsressursar kan eksterne forskingsmidlar vera til stor hjelp. Slike midlar gjer det mogeleg å kjøpa fri våre eigne folk til forskingsaktivitet, eller kjøpa tenester hos andre. Det problematiske med eksterne midlar er at dei ofte er styrt inn mot bestemte problemstillingar og tema. Dei løyvande institusjonane legg premissane for kva me skal forska på. Det er difor viktig å vurdera kritisk ut i frå våre eigne behov og kompetanse om ein vil søkja slike tematisk styrte forskingsmidlar.

Dei fleste som løyver midlar til forskning ved musea, krev at me går inn med 50% eigeninnsats. Det har vi erfart at er krevjande. Det er difor viktig at museet har frie midlar til å leggja inn som eigenandel i slike prosjekt.

3. Organisering av forskning

3.1 Type prosjekt

Når me lagar utstillingar og gjennomfører dokumentasjonsarbeid, har me erfart at me tileignar oss mykje kunnskap som med litt meirinnsats kan verta ein forskingsinnsats som kan resultera i publikasjonar. I tida framover ynskjer me å leggja inn denne ekstra tidsressursen i slike prosjekt for også å få opp museet sin forskingsproduksjon. Dette kan medføre at me må satsa på noko færre utstillingar/dokumentasjonsprosjekt i året.

Ut over denne satsinga på å få forskning inn som ein naturleg del av museumsprosjekta våre, vil me også satsa på enkelte større forskingsprosjekt knytt til dei nye satsingane ved museet. Nokon av desse vil bli gjennomført i samarbeid med andre museum og forskingsinstitusjonar.

3.2 Oppfølging og kvalitetssikring av forskning

Oppfølging og tilbakemeldingar er viktig for å få til vellukka forskingsprosjekt. Me har difor oppretta eit forskingsseminar som kjem saman omlag to gonger årleg. Alle som driv med forskning, er del av seminaret, direktøren møter etter ynskje og når det trengst.

I forskingsseminaret skal ein drøfta dei pågåande forskingsprosjekt. Her kan ein få tilbakemeldingar på idear, tekstar og planar. Idear til nye forskingsprosjekt kan også verta drøfta her. Ut over tilbakemeldingane i forskingsseminaret ynskjer me å nytta kollegarettleing som ei fast ordning. I alle forskingsprosjekt skal ein kollega vera fast diskusjonspartnar og tekstlesar.

Resursgruppa for forskning har ansvar for å førebu forskingsseminaret, dei skal også på anna vis støtte opp om eiga forskning og jobbe for å byggja nettverk med andre museum, universitet og forskingsstader og stimulera til publiseringar

Val av prosjekt vil skje gjennom museet sin leiarstruktur. Større forskingsprosjekt bør forankrast i styret. Forskingsseminaret skal fungera som ein viktig rådgjevar i slikt utveljingsarbeid.

3.3 Samarbeid med eksterne forskarar

For Hardanger og Voss museum er det naturleg å søkja meir samarbeid med forskarar og studentar knytt til Universitetet i Bergen. I tillegg har me hatt godt samarbeid med Niku og NTNU under tidlegare prosjekt, og ser for oss at dette kan halda fram. Me har og arrangert arkivseminar i samarbeid med UiS.

Mykje av musea sitt felles faglege arbeid skjer i dei nasjonale museumsnettverka. HVM er aktiv medlem av Nettverk for Fiskeri- og kystkultur, Drakt og tekstil, Musikk og musikkinstrument, Kunst, Sjøfart, og Handverksnett.

Me har som mål at me til ei kvar tid er involvert i minst eit kunnskapsbyggjande internasjonalt prosjekt. EØS-finansierte prosjekt har vist seg å kunne gjere slikt mogleg. Det er viktig å kunne investera tid i å få slike samarbeids prosjekt opp å gå.

Me ynskjer også å vera god på å tilrettelegge for folk som ynskjer å forska med utgangspunkt i vår kunnskapbank og/eller i vår gjenstands- og boksamlingar.

4. Kompetanseområde og aktuelle forskingsprosjekt

4.1 Pågåande forskingsprosjekt

4.1.1 Forsking knytt til satsinga vår på handlingsboren kunnskap

Hardingfela.no

Satsinga Hardingfela.no som museet har saman med Ole Bull Akademiet har som ambisjon å initiere forskning på feltet, mellom anna som vertskap for masterstudentar eller ved utlysing av stipend. Saman med Hordaland fylkeskommune lysar me kvart år ut tre stipend på tilsaman 100.000,- som mellom anna går til mindre forskingsprosjekt innan folkemusikkfeltet.

Reipslagarfaget med utgangspunkt i Bergen

Hausten 2015 gjorde me eit forskingsførebuande arbeid på reipslagarhandverket. Gjennom litteratursøk og arkivbesøk knytt til reipslagarfeltet fekk me god oversikt over relevant forskning, publikasjonar og aktuelt arkivmateriale. Dette arbeidet vart kombinert med deltaking på studiet MUSE620 – å forske i og på museum ved Universitetet i Bergen (15 stp.) og resulterte i prosjektskissa «Tau og trading». Skissa vert no revidert og tilpassa for arbeid med ein fagfelleverdert forskingsartikkel om reipslagarfaget i Bergen.

Skautfelling.

Saman med Folgefonn husflidslag og Ringøy og Bu bygdekvinnelag har Hardanger folkemuseum etablert eit prosjekt der me dokumenterer skautfelling, prøver ut ulike material og reiskap, arrangerer kurs og vidarefører kunnskapen om skautfelling. Prosjektet inneber og forskning.

Kroting

Dekorteknikken kroting er knytt til røykstovene i Hardanger og delar av Vestlandet. Ved Hardanger folkemuseum har me eit prosjekt der denne teknikken vert utforska. Prosjektet skal munna ut i ei bok og i tillegg formidlast på anna vis.

Nevertekking

Hardanger folkemuseum har dei siste åra jobba tett med tradisjonsberarar om tekking med never. Desse tradisjonsberarane nyttar ei anna metode enn ein gjer andre stader i landet. Erfaringar og dokumentasjon frå dette arbeidet vert publisert.

Kyrkjebåttradisjonar i Hardanger

Framleis ligg det en del kyrkjebåtar i naust langs Hardangerfjorden. Me har ynskje om å ta vare på kunnskapen knytt til bygging og bruk av desse båtane. Me jobbar med kartlegging av kor det fins slike båtar, oppmåling og dokumentasjon knytt til desse båtane, og dessutan innsamling av foto og minnemateriale knytt til desse båtane. Målet med dette forskingsforbredande arbeidet er å skaffa godt med kunnskap og materiale slik at me kan

leggja grunnlag for nybygging/kopibygging av slike båtar. Me har og som ambisjon at me skal skrive ei kulturhistorisk orientert bok/hefte med utgangspunkt i denne tradisjonen.

4.1.2 Samtidsorientert forskning

Me har for tida ingen reint samtidsorienterte forskingsprosjekt.

4.1.3 Forsking på kunst

Utstillingskatalogar

Det vert produsert ny kunnskap til dei fleste utstillingane i kunsthuset Kabuso. Desse vert publisert i katalogar eller andre tekstar. Desse tekstane set ofte utstilte arbeida inn i eit vidare perspektiv og tek opp problemstillingar knytt til kunsten. For å kasta lys over problemstillingar set me gjerne kunsten inn i nye samanhengar for å utfordra publikum sitt syn på den eksisterande kunsten og vurderer han frå nye synsvinklar. Forskingsaspektet ligg i korleis kunst kan aktualiserast på nye måtar og i nye samanhengar. Dette er eit kontinuerlig arbeid.

4.1.4 Forsking på maritim kultur

Ferjekulturen på Vestlandet

Då bilferga Folgefonn kom i Hardanger og Voss museum sitt eige starta me eit dokumentasjonsarbeid som hadde sitt utgangspunkt i denne ferja, men som har utvikla seg til eit noko breiare dokumentasjonsarbeide om ferjekultur på Vestlandet. Me har intervjuet ein del folk som har hatt/har sitt yrkesliv på ferja, me har intervjuet folk i ferjekøar og me har sendt ut ei spørjeliste i samarbeid med NEG (Norsk Etnologisk Gransking) om folks ferjebruk. Me vil fortsetta Kilde sanking og har som ambisjon å gjennomføra eit forskingsforbredande prosjekt som skisserer korleis ein skal jobba fram mot artiklar og eventuell bok om ferjekulturen på Vestlandet.

4.1.5 Forsking på bygd- og bygningskultur

Skriftserie frå Voss folkemuseum

Avdelinga gjev ut hefte om dei ulike avdelingane sine. I 2014 kom eit hefte om Nesheimstunet i ny utgåve. I 2017 kom eit hefte om Mølstertunet. Dei neste åra kjem det òg hefte om Oppheim gamle prestegard, Voss folkemuseum, Dagestadmuseet, og om Lars Kindem, grunnleggjar av museet.

Voss folkemuseum 100 år

Voss folkemuseum fylte 100 år i 2017. I det høvet arbeider me med ei bok om museet. Me har skrive intensjonsavtale med Skald forlag, og boka kjem tidlegast i 2018. Boka vert todelt – den fyrste delen handlar om museumssoga, medan me i den andre delen presenterer eit utval

gjenstandar frå samlinga til museet. Me bruker desse gjenstandane til å fortelja glimt frå lokalhistoria, eller frå museumssoga.

Stortingsmennene på Aga

Saman med Agatunet venelag jobbar me med å sikra arkivet etter stortingsmennene frå Aga. Brevsamlinga har allereie resultert i ein artikkel, samt eit seminar i samarbeid med UiS. Arkivet vil danna grunnlag for fleire artiklar etter kvart som det vert systematisert.

Landslovsprosjektet 2014 - 2024

Agatunet er samarbeidspart i eit prosjektet som tek for seg tydinga av Magnus Lagabøtes landslov og rettshandhevinga i Noreg i høgmellomalderen. Landslovprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetet i Bergen og HVM. I samband med at Agatunet skal vera arena for utstillinga Miserabiles Personae i 2018 vil det verta laga ein eigen del om Sigurd Lagmann.

4.2 Planlagde forskingsprosjekt

4.2.1 Forsking knytt til satsinga vår på handlingsboren kunnskap

Bruken av småbåtane

Då boka om strandebarmaren (2014) vart skriven vart det ikkje plass til eit kapittel om bruk av dei ulike hardangerbåtane. Me planlegg å skriva eit hefte om dette.

4.2.2 Samtidsorientert forskning

Endringar i liv og landskap i Myrkdalen.

Myrkdalen er ein del av Voss som har vore utsett for store endringar dei siste åra. Ei storstilt utbygging av fritidshusvære har satt sitt preg på bygda. Det har endra livsvilkåra for dei som bur der. Voss folkemuseum vil prøva å dokumentera deler av desse endringane. Det gjeld levetilhøve, busetnadsmønster, sørvisnivå, kommunikasjonar og andre tilhøve for dei som bur der.

4.2.3 Forsking knytt til det maritime

Fartøybygging i Hardanger

Hardanger har vore eit kjerneområde for fartøybygging i Noreg. Næringa har vore viktig i Hardanger, og mange utflytte hardingar etablerte seg som fartøybyggjarar andre stader i landet. I dette prosjektet er målet å kartlegge denne næringa i eit historisk perspektiv.

Innreiing og trearbeid i stålåtar

Målet med prosjektet er å systematisera eksisterande dokumentasjon om innreiing og trearbeid i stålåtar, supplera og presentera i bokform. Arbeidet vil kartlegga variasjonar både i tid og rom når det gjeld teknikk og stilhistorie.

Jaktefarten

Jaktefarten var ei viktig næring i Hardanger. Me har eit ynskje om å utvikla eit prosjekt som set fokus på næringa sine sosiale og kulturelle sider.

4.2.4 Forsking på bygd- og bygningskultur

Utvandrarhistorie

Me planlegg å gjennomføre eit forskingsbasert formidlingsprosjekt knytt til regionens utvandrarhistorie. Arbeidet vert utført med tanke på markering av utvandrarjubileet 2025.

5. Formidling av forskning

For eit museum er det naturleg at forskning og formidling er tett samanvevd. Av og til er det ynskje om å formidla noko som er utgangspunktet for eit forskingsprosjekt. Ynskje om meir sikker kunnskap om eit tema til ei utstilling er eit typisk eksempel på dette. Andre gonger kan ny kunnskap driva fram eit formidlingsprosjekt. Musea er privilegerte ved at me har kunnskap og erfaring i å formidla. Forskinga vår har alle føresetnadar for å koma ut til ålmenta, anten gjennom publikasjonar (rapporter, bøker og artiklar), og/eller gjennom film, biletspel og/eller utstillingar på museet eller på nett.

Våre viktigaste publiseringskanalar er nettmagasinet *Fartøyvern*, årbøkene *Gamalt frå Voss* og *Hardanger Historielag*. Det er no etablert eit digitalt magasin for publisering av forskning frå musea *Norsk Museumstidsskrift*. Dette magasinet tilbyr fagfellevurdering. Me har ambisjonar om også å publisera i dette tidsskriftet.